

Fra: Berit Dianne Kilvær (Berit.Dianne.Kilvaer@hfk.no)

Sendt: 30.05.2018 15:35:09

Til: 'renate.strand@t-fk.no'

Kopi:

Emne: Forslag på tema til nasjonal eldrerådskonf. 2019

Vedlegg:

Hei.

Beklagar at vi er litt etter fristen, men her kjem forslaga frå fylkeseldrerådet i Hordaland.

Her er utklipp frå møteprotokoll 24.05.2018:

«Vedtak

Fylkeseldrerådet har følgjande innspel til tema:

Eldreomsorg:

Utviklinga har seinare åra gått den vegen me har arbeida for. Eldre skal få bu heime så lenge det let seg gjera, dei fleste ønskjer det, her er me no.

Spørsmålet me må stilla oss er om denne utviklinga har gått for langt?

Langt, fordi pårørande og dei nærmaste ikkje sjølv har helse og mulighet til å ta det ansvar og til tider belastning dette er over tid.

Det er mulighet med avlastningsplass, medan behovet ofte er sjukeheims plass – fast, det er vanskeleg å få.

Sjukepengar så lenge ein er yrkesaktiv.

Det må utbetalast sjukepengar fullt ut etter fylte 67 år og så lenge ein er i løna arbeid.

Fleire over 60 år aktive i politikken og styrande organ i samfunnet

Når godt over 20% av den norske befolkninga er over 60 år og få politikarar er på Stortinget i denne aldersgruppa, er det noko som manglar.

Eldre har lang erfaring og både vil og kan bidra med sine erfaringar og kompetanse.

Fylkeseldrerådet vil oppmoda alle politiske parti om å ha eldre kandidatar på partilistene sine.

Einerom på alders- og pleieinstitusjonar – eit gammalt krav som nå må gjennomførast.

Lag og organisasjonar som representerer eldregenerasjonen må arbeida for å få dette til no!»

Venleg helsing

Dianne Kilvær

Spesialkonsulent

Økonomi- og organisasjonsavdelinga | Fylkessekretariatet

HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Tlf: 55 23 90 14 | Mob: 993 17 797

www.hordaland.no